

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Ove Asbjørn Holmås
Sævråsvegen 118
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8335 - 20/25725

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
06.05.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 100/4 Fjellsende

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 100/4
Tiltakshavar: Ove Asbjørn Holmås

Alver kommune har den 21.04.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning den 20.04.2020 vart registrert lågt nivå og mogleg lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Sævråsvegen 120, 5955 Lindås. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå tanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørgje for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureinslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 02.07.2020..

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureinslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføra arbeidet.

Når lekkasjen er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Ove Asbjørn Holmås

Sævråsvegen 118

5955

LINDÅS